



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

BARNE-OG LIKESTILLIN	
Ark	Side:
321.00	
Date	5/9-07
Serie nr. 200701773 - 098	

Dato: 04.09.2007

Vår ref: 07/191-10 ML

Dykkar ref: 200701773

Høyring: Forslag om endringar i ekteskapslova m.v.

Møre bispedømeråd i møte 30.08.07 avviser forslaget om felles ekteskapslov for likekjønna og ulikekjønna par og dei foreslår ikke å gjøre endringane i norsk lov. Vi ber Regjeringa trekkje forslaget tilbake.

Når ein les forslaget til ny lov, vert det fort tydeleg at departement og kyrkje forstår tilværet ut frå ulike ståstedar. For kyrkja vert det viktig å understreke at ein forstår skaparverket ut frå trua på Gud som skapar og oppretthaldar. Ein trur at Skaparen har førstehandskjennskap til det skapte og vil skapningen vel, om det må bryte mot det som til ulike tider vert hevda å vere ”godt for mennesket”. Gud har skapt mann og kvinne for kvarandre til heterofilt samliv, eit samliv som får si offentlege, forpliktande form i ekteskapet.

Høyningsnotatet leier fram til at ekteskapet i moderne tid kan vere nemning på ulike samlivsformer, også homofilt samliv, og argumenterer for at det å meine noko anna, kan vere direkte diskriminerande, krenkjande av menneskeverd og menneskerettar nedfelte i konvensjonar. Møre bispedømeråd tek sterkt avstand frå ein slik argumentasjon.

At staten ved oppretting av partnarskapslova lagar ei ordning som vernar og forpliktar samliv for dei menneske som ikkje kan leve heterofilt, er ei sak som nokre i Møre bispedømeråd finn problematisk, men andre støttar. Når departementet no vil samle ulike samlivsformer under same lovgjeving, er det ei anna sak. Frå kyrkja si side må vi halde fast på at det heterofile ekteskapet er skaparordninga. Det heterofile ekteskapet legg til rette for at barn kan bli skapt og vekse opp saman med mor og far. Ekteskapslova skal omfatte og regulere dette samlivet.

I vårt samfunn har menneska eit mangfold av valalternativ og stor individuell fridom. Retten til individuell utfalding vert sterkt understreka, medan det i mindre grad vert peika på ansvaret for fellesskapet. Dette, saman med mangel på autoritetar, rettesnorar og tydeleg vegleiing, gjer at mange ungdomsforskalar påpeikar at det er krevjande å vere ung i dag. Vi meiner at ein veit for lite om verknaden av å sidestille ulike samlivsformer slik ein vil gjere det i ei felles ekteskapslov, men vi er urolege for at det kan vere med å auke forvirringa for unge menneske som skal finne sin kjønnsidentitet.

FNs menneskerettar slår fast at alle menneske har rett til familieliv. FNs barnekonvensjon slår fast at barnet har rett til å vernast av foreldre. Kva familieliv er -

om det også omfattar barn -, og kva foreldre er - om det også er samkjønna foreldre -, vert ikkje definert.

Barn lever i ulike familiar i dag: med eigne biologiske foreldre, med åleineforeldre, steforeldre, tokjernefamiliar, fosterforeldre. Det viktigaste er at barnet får kjærleik og omsorg. Av ulike grunnar er det ikkje alltid det beste for barnet å vekse opp saman med biologisk mor og far. Det er likevel viktig for kyrkja å halde fast på at barnet primært har rett til omsorg hos mor og far, dersom dei er i stand til å gje dette. Det er ikkje ein menneskerett for vaksne å få barn, men det er ein rett for barnet å ha foreldre. Ein veit mykje om kor viktig det er for menneske å vite om sitt biologiske opphav. Ikkje alltid er det råd, og det hender at det ikkje er tilrådeleg. Men dette er unntaksvise. Det er noko anna å organisere livet slik at barn ikkje skal kjenne til sitt biologiske opphav, slik ein opnar for i forslaget til ny ekteskapslov.

Vår konklusjon er difor at vi avviser forslaget til ny ekteskapslov og ber om at det vert trekt tilbake.

Med helsing



Jan-Egil Korseberg e.f.
stiftsdirektør



Magni Ljoså
førstekonsulent
Direkte innval: 71 25 06 73